

# Informasjonsskriv til tilsette – 17. april 2020



Volda  
kommune

## **Kjære medarbeidar i Volda kommune,**

Vi står framleis i krisesituasjon. Vi må vere budde på at denne pandemien vil prege oss i heile 2020. Det er positivt at tiltaka som er sett i verk har effekt. Alle i samfunnet har vore med og teke sin del av ansvaret. Kommunen har ei svært viktig rolle som lokal smittevernmyndigheit og for å sikre tenestene til innbyggjarane. Det knyter seg ein del spenning blant mange når barnehagane skal opnast opp att frå den 21. april og skulane for 1. – 4. årssteg og SFO frå den 27. april. Helsemyndigheitene har kome med ein detaljert og god rettleiar for korleis ein skal ivareta smittevernet i barnehagane. Måndag vil det kome ein tilsvarande rettleiar for skulane.

Oppvekstsektoren er saman med kommuneoverlegen og eigeomsavdelinga i gang med god planlegging for at barna, foreldre og dei tilsette kan kjenne seg trygge. Det viktigaste for lykkast også her, er at folk framleis tek dei nasjonale tiltaka og råda på alvor. Smittefrie heimar er det viktigaste for å halde smitta vekk frå barnehagar og skular.

Utviklinga av koronasituasjonen er avhengig av korleis vi som enkeltaktørar ter oss framover. Myndigheitene slepp no litt opp på dei nasjonale tiltaka for å få samfunnet i gang att. Det er ein balansegang mellom smitteverntiltak og aktivitet som kan tillatast for at næringslivet og samfunnet elles fungerer på eit tilfredsstillande nivå. I Norge er vi heldige som har eit demokrati der dei ansvarlege samarbeider. Regjeringa vil ha ryggdekning for å stramme inn att på tiltaka dersom det viser seg å verte nødvendig.

I krisesituasjonar brukar myndigheitene kommunesektoren som virkemiddel for halde oppe aktiviteten i økonomien og sikre arbeid til folk. Dette skjedde etter finanskrisa i 2008. Stortinget har no varsla at dei planlegg å løyve ei krisepakke på tilsvarande nivå som i 2009 til å skape aktivitet gjennom kommunesektoren. Dette kjem truleg i revidert nasjonalbudsjett som vert lagt fram 12. mai. I 2009 var krisepakka på 4 milliardar kroner og gjekk i hovudsak til ekstraordinært vedlikehaldsarbeid i kommunane. Når ein kjem attende til normalsituasjonen vil myndigheitene stramme inn att på det kommunale forbruket og redusere bruken av oljefondet.

Staten har løyvd midlar for å kompensere for tapte inntekter og meirutgifter i kommunane. Førebels er dette basert på grove kalkyler. Situasjonen framover er uoversiktleg, og det er umogleg å ha full oversikt over alle konsekvensane før denne

situasjonen er over. Volda kommune må ha dagleg fokus på økonomistyring basert på ein økonomi som er svært stram. Vi skal redusere drifta i år og dei komande åra med formidable beløp. Dette inneber at vi må gjennomføre tiltak som ingen ynskjer, men som er heilt nødvendige for å skape ein berekraftig økonomi og gjennomføre nødvendige investeringar. Vi er i prosess med dei tillitsvalte for å gjennomføre nedbemanning i administrative stillingar. I løpet av 2020 utgjer dette 3 årsverk. Forslag om nedlegging av Austefjord skule og barnehage er sendt ut på høyring. I tillegg vert det jobba med ulike effektiviserings- og driftsredueringstiltak i heile organisasjonen. Leiarane på alle nivå er pålagde løpande rapportering på sjukefråver, årsverk og økonomisk forbruk, og det skal gjerast tiltak for å halde budsjetta.

Eg opplever at det skjer mykje nytenking og nyskaping i organisasjonen vår i denne fasen vi er i. Vi greier å oppretthalde stor aktivitet ved bruk av video som erstatning for fysiske møte. Dette fungerer effektivt, og vi er heldige som har god kompetanse på å tilretteleggje for at vi har fått desse løysingane. Ein greier også å halde aktivitet i dei politiske utvala, og no i det siste vert det også testa ut presentasjonsvideoar som eit nytt framsteg i sakshandsaminga. I skulen og kulturskulen driv ein heimeundervisning gjennom digitale plattformer, og ein greier å drive produksjon og samarbeid frå heimekontor i ulike sektorar i kommunen. I helse- og omsorgssektoren har det vore mykje kreativitet i å rigge legetenesta og dei øvrige tenestene i sektoren for å kunne prioritere nye oppgåver knytt til krisesituasjonen.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:

<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Det er viktig at de følgjer med på denne sida og held dykk oppdatert. Heimekontor vil halde fram i samsvar med nasjonale føringar så langt de som har dette ikkje har avtalt noko anna med næraste leiar.

Vi held framleis krisestab med faste møte måndagar og torsdagar. Volda kommune følgjer dei nasjonale tiltaka til kvar tid. Dersom kvar enkelt av oss held fram med å ta dette på alvor, er det grunn til å tru at vi unngår dei utfordringane som dei større byane opplever. Det er tross alt lettare å halde avstand og unngå smitte i eit lokalsamfunn som Volda. Samtidig kan innbyggjarane i Volda kjenne seg trygge på at vi har tilsette som i sitt daglege virke ivaretek dei på ein god måte.

Eg ynskjer deg ei god helg.

**Beste helsing**  
**Rune Sjurgard**  
**Kommunedirektør**